


## **Varsel om utviding av planområde**

### Områdeplan Hodlekve

Då planområdet er utvida frå varselet som vart sendt 19. juni 2018, vert de med dette varsla om ny høyring av planprogram og oppstart av arbeid med utarbeiding av områderegeringsplan for Hodlekve, jf. §§ 12-1, 12-2 og 12-8 i plan- og bygningslova.

Planarbeidet omfattar tre planområde: Hodlekve (plan 1), Kambafjellet (Plan 2) og Reipeli (Plan 3). Planområdet vert utvida til å omfatte alle areal sett av til idrettsanlegg, kombinerte føremål, hytteføremål og bandlagde areal i kommuneplanen. Planområda er synt med stipla linje i kartet under, og vert også lagt ut digitalt under «reguleringsplanforslag» på [www.kommunekart.com](http://www.kommunekart.com) i løpet av veke 39.



Målet med planarbeidet i planområde 1 er å legge til rette for vidare hyttebygging og etablering av baseområde samt trygge tilgjenge til idretts- og aktivitetsområde i og ved planområdet. I planområde 2 skal planen legge til rette for ny heis (T-krok) og nedfartar frå

Kambafjellet. I planområde 3 skal planen leggje til rette for utvikling av langrennsløypene og hytteområde.

Plan- og utviklingsarbeida skal bygge opp om utviklingsstrategien i kommuneplanen, med fokus på «nyskapande friluftsliv».

Planarbeida er vurdert til å verte fanga opp av verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar. Det er utarbeidd planprogram. Dette er lagt ut på Sogndal kommune si nettside under Planar og kunngjeringar/Kunngjeringar og høyringar/[Oppstart av planar](#).

Formålet med planprogrammet er å sikre medverknad om situasjonen i dag, informere om kva som er formålet med planarbeida, klargjere aktuelle alternativ og avklare plan- og utgreiingsbehovet som planarbeida reiser.

Sogndal kommune har overlate til Norconsult AS å utarbeide framlegg til områderegulering, jf. pbl. § 12-2. Norconsult gjennomfører planarbeida på vegne av Sognefjorden Utvikling AS, Sogndal skisenter og grunneigar Arild Aase.

Arbeida er i oppstartsfasen. Norconsult er i gang med å registrere og samle inn opplysningar for planarbeida. Målet er å ha klart planframlegga med tilhøyrande konsekvensutgreiing for handsaming tidleg i 2019. Planane med tilhøyrande konsekvensutgreiing vert lagt ut til offentleg ettersyn når kommunen finn framlegga tilfredsstillande.

Dersom statlege eller regionale styresmakter på grunn av framlegg til planprogram vurderer at tiltak kan kome i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn, skal dette komme fram av uttale til planprogrammet.

Planen med tilhøyrande dokument vil femne om:

- 1) Tre områdereguleringsplanar med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-2 i plan- og bygningslova.
- 2) Felles planomtale med tilhøyrande konsekvensutgreiing som vert utarbeidd med utgangspunkt i fastsett planprogram og § 4-2 i plan- og bygningslova.
- 3) Felles risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som vert utarbeidd i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova.

For nærmare informasjon om planarbeidet kan spørsmål rettast til:

Johannes Henrik Myrmel  
mob. 454 04 993  
e-post: johm@norconsult.no

Dersom du har opplysningar, synspunkt, merknader, planar eller informasjon om tinglyste rettar som kan vere av interesse for planarbeidet, ber vi om at du tilskriv:

Norconsult AS  
Campus Fosshaugane  
Trolladalen 30  
6856 Sogndal

**Frist for å sende inn merknader er sett til 22. oktober 2018.**

Med helsing

Markus Mohn Werner  
planleggar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

